

Etiske retningslinjer for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

Dei etiske retningslinjene til Studentparlamentet byggjer på våre vedtekter og tilhøyrande styringsdokument. Dei etiske retningslinjene gjeld for alle tillitsvalde i Studentparlamentet. Arbeidsutvalet har ansvar for å gå gjennom retningslinjene kvart år og eventuelt føreslå revisjonar til Studentparlamentet.

Studentparlamentet skal ha trygge rammer for våre tillitsvalde og tilsette. Alle tillitsvalde skal vere inkludert og respektert av kvarandre og av organisasjonen som heilskap. Studentparlamentet tek avstand frå all form for diskriminering, trakassering og mobbing. Tillitsvalde og representantar pliktar å gjere seg kjent med og følgje dei etiske retningslinjene.

1. Respekt for andre sin integritet og grenser

Studentparlamentet skal vere ein trygg organisasjon der både den einskilde sin integritet og vedkomande sine grenser vert respektert. Seksuell trakassering, seksuelle overgrep eller andre former for grenseoverskridande åtferd aksepterast ikkje, samt brot på og urettmessig innsyn i personlege forhold som omfattast av personvern.

2. Rolleforståing og representasjon

Tillitsvalde for Studentparlamentet skal vere bevisst på si makt og påverknadskraft både innanfor og utanfor organisasjonen, og ikkje misbruke tilliten den har i kraft av sitt verv eller stilling. Det inkluderer også at ein er klar over at verv kan gje uforholdsmessige fordelar i relasjon til andre.

Tillitsvalde står til ansvar for å oppretthalde tilliten og omdømet til Studentparlamentet og skal ved ingen høve gjere brot på dei etiske retningslinjene der ein deltek på vegne eller representerer organisasjonen. Tillitsvalde pliktar seg å ha eit ansvarleg

forhold til alkohol på Studentparlamentet sine arrangement. Press for bruk av alkohol eller andre rusmiddel skal ikkje finne stad.

Ved brot på retningslinjene vil vervets makt vere ein faktor i vurderinga av alvor. Det er særleg alvorleg om brotet gjeld i samanheng med uansvarleg bruk av alkohol eller andre rusmiddel.

3. Openheit og fortrulegheit

Studentparlamentet skal utvise openheit i vedtak og prosesser. Protokollar og vedtak skal som hovudregel vere tilgjengeleg for alle studentar. Rutinar for eventuell lukking av møte skjer i jf. § 6-2 i vedtektene til Studentparlamentet.

4. Brot på retningslinjene og handsaming av varsel

Brot på dei etiske retningslinjene skal meldast for leiar for arbeidsutvalet eller organisasjonskonsulent, og kan medføre sanksjonar etter vurdering av bl.a. grad av alvor. Arbeidsutvalet har teieplikt og myndigheit til å fatte vedtak for disiplinære tiltak.

Varsel om brot på dei etiske retningslinjene blir følgt opp ved å ta i bruk Høgskulen i Volda sine prosedyrar for å opprette ei lukka internsak. Berørte partar må takast vare på, og det blir gjennomført ei kartlegging av faktiske forhold. Dokumentasjon frå saksgangen blir lagra sikkert og konfidensielt i tråd med GDPR. Støttepersonell frå personalavdelinga ved Høgskulen i Volda kan bli påkopa saka ved behov for å sikre korrekt saksgang og handsaming.

Mindre brot kan sanksjonerast med munnleg eller skriftleg varsel, utestenging frå arrangement eller oppfordring om å tre av frå verv. Alvorlege brot kan sanksjonerast med suspensjon, eksklusjon eller mistillitsforslag, jf. § 6 i vedtektene, eller ved lovbrot kontakte politi.